

Tar hunde-eigarane ansvar?

06.04.2010



Camilla Jensen er spent på om hunde-eigarane no tar ansvar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterat snøen har gått har det kome fram så mangt på sentrale stader også i Uskedalen, ikke minst hundemøkk.

Difor er det viktig at hunde-eigarane sjølve no tar ansvar, understrekar leiaren i Kvinnherad Hundeklubb, Camilla Jensen, som bur i Uskedalen.

Ho har invitert til ein 'Vi tar ansvar-dugnad' på Husnes klokka 12 neste laurdag - 17. april - men ho strekar under at invitasjonen også gjeld andre bygder - til dømes Uskedalen.

Camilla vonar at mange vil møte fram både ved SPAR-inngangen på Husnes og SPAR-inngangen her i bygda og tar ein tur i nærmiljøet. Det vil vera folk på plass begge stader som kan leia turane.

- Ta gjerne med hunden, så får den seg ein tur med det samme, seier Camilla, som er spent på oppslutnaden.

uskedalen.no har sidan snøen smelta fått fleire klager frå folk som har reagert på kor mykje hundemøkk det ligg att etter vinteren langs ruter som er særleg populære som 'lufteruter' for hunden.

Av Ola Matti Mathisen